

Tur 8

Idrettsbanen - Mørkedalsfjellet / Ådno

Lengde: ca. 2,7 km

Tid: ca. 45 min.

Terrang: Skog, lyngheiar og myrar

Første del av stien til Mørkedalsfjellet/Ådno går langs lysløypa ved idrettsbanen til skilt merka Kalavåg/Mørkedalsfjellet/Ådno. Stien mot Kalavåg går m.a. gjennom eit tett skogsområde. På Kalavåg tek ein av til venstre og følgjer asfaltvegen ned til ein snuplass. Derifrå går stien over ein grasbakke og vidare i søraustleg retning. Myrane kan til tider vera ganske blaute. Berggrunnen i området Ådno er harde vulkanske bergartar. Dette gir skrinn jord som er dårleg eigna til dyrking. I det vêrharde klimaet vil det heller ikkje veksa skog her. Vegetasjonen er for det meste lyng og brake. For dei som er interesserte i botanikk, kan ein finna sjeldne planter her. Siste delen av stien går i litt bratt stigning opp til Mørkedalsfjellet/Ådno, 103 m.o.h., med flott utsyn over bygda, Bømlafjorden, Sletta og Espevær. Om lag halvvegs på stien kan ein leggja turen til Vardane. Herifrå kan ein gå direkte til Mørkedalsfjellet/Ådno. På Mørkedalsfjellet finn ein det som er att av Odne Kystvaktstasjon; ei kystvakthytte, ein utsiktskuppel, ein bunker og ein radar. Dette er gammalt militært utstyr som ikkje er i bruk lenger. Meir info om Odne Kystvaktstasjon finn ein når ein er framme ved hytta. Frå Mørkedalsfjellet kan ein gå ned til Løning, ein fin tur på rundt ein halv time.